

ÅRSRAPPORT

Fjordane Friluftsråd

for 2020



Innleiing

Fjordane Friluftsråd består av kommunane; Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

Styret

Styret var i 2020 samansett slik :

| | |
|----------------|----------------------|
| Leiar: | Arlene O.Vågene |
| Nestleiar; | Elisabeth B.Hatlenes |
| Styremedlemer: | Nils Chr. Bjørgo |
| | Linda Ness Rotihaug |
| | Terese Gjerde |
| | Siri Sandvik |
| | Jon Olav Kvamme |

| | |
|---------------|--------------------------|
| Varamedlemer: | Jan Henrik Nygård |
| | Erlend Lambrechts Trovåg |
| | Alice Hestad Vie |
| | Bjarte Myklebust |
| | Geir Årvik |
| | Sonja Servan |

Styremøter

Det har vore avhelde 4 styremøter og blitt handsama 38 saker. 2 av møtene er haldne på Teams grunna Corona.

Medlemmer

Fjordane Friluftsråd har gjennom 2020 fått 2 nye medlemskommunar; Stad og Stryn. Vågsøy og Flora gjekk saman til Kinn. Fjordane Friluftsråd har 6 kommunar med ca 42600 innbyggere.

Årsmøte og generalforsamling

Årsmøte helde den 22.04.

Aktivitet

- **Strandrydding**

Det har i kommunane Solund, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og til dels Stryn vore gjennomført betydeleg strandrydding v.h.a tildelte midlar frå Miljødir. Vi fekk tilsett 2 sommerarbeidere/ryddekontakter i Flora samt 1 prosjektkoordinator fra 01.05. Frå 01.07 tilsette vi ein prosjektleiar for HMF sitt profesjonelle ryddeprosjekt over 1 år, og med mogleg forlenging dersom nok bedriftsstøtte til prosjektet. Vi har hatt 3 vekestøtt med Loyal folkehøgskular både i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn. FF har lagt til rette for over 265 strandryddingaksjoner. Dette inkluderer ca 4000 timer brukt, litt over 200 km strandsone rydda, med ca. 1500 frivillige.

Totalt samla vi inn 67 tonn med marint avfall i desse kommunane.

I 2020 har vi arrangert, og støtta arrangement av ryddeaksjonar med om lag 600 elever frå over 18 skular i områda våre. I 2020 har vi organisert og sett til 31 utstysdepot for ryddeutstyr i våre områder, samt organisert 33 innleveringsplassar for eigarlaust avfall, både faste og periodevise løysingar.

Sidan 2017 og fram til dag har vi gjennomført forebyggjande tiltak for å informere og bevisstgjere befolkninga om marint avfall, blant anna oppimot skular, barnehagar, konfirmantar osv. I 2020 har vi jobba mykje med årets TV-aksjon til WWF; *Eit Hav av Moglegheiter*, kor vi blant anna bidrog med ei lokal kronerulling hos næringslivet i Solund per kg. rydda marin plastforsøpling lokalt, som gjorde Solund til ei av toppgjevarkommunane i landet. I 2019 og 2020 har vi drive med kunnskapsdeling med politikare, næringsliv (ink. fiskere), skular, organisasjonar/lag, media, akademikarar og andre i fagmiljøet kring marinforsøpling gjennom presentasjonar/foredrag, møter, kunstutstillingar, workshops, friluftsskulaosb. I 2020 har vi fått støtte frå HMF si "corona-utlysning" for å tilsette ei strandryddemedarbeidar i prosjekt med profesjonell opprydding og kontakt med næringslivet. I 2020 har vi gitt tilbod på 3-årig profesjonelt kystryddeoppdrag til HMF gjennom deira prosjekt; *Rydd Norge Vestland*, for heile kysten av tidligare Sogn og Fjordane. Vi har fått tildeling på 3 av 7 tilbydde områder med ei total prosjektverdi på 11 millionar, kor vi meir enn doblar antall tilsette ved vår avdeling knytt til marin forsøpling. FF har i 2019 og 2020 vore involvert i ulike forskingsprosjekt saman med Norsk Kystkulturakademi, Mepex Consult AS, Universitet i Bergen, NORCE Samfunnsforskning og Plymouth University. I 2020 har FF bidratt til å bevisstgjere og engasjere lokalbefolkninga ved promotering på våre sosiale media, samt å vere synlege i lokale og regionale media. Igjennom året har vi gjennomsnittleg hatt fleire oppslag per månad i lokal-/regionalaviser eller i radio/TV.

I 2020 har vi bidratt solid inn i det nasjonale arbeidet med strukturering og felles løysingar knytt til marin forsøpling. Gjennom aktørar som HNR med arenaen KOSAM og overfor SOMM og *Rydde*.

- **Administrasjon og tilsette**

Vi har samla ca 3,5 årsverk, ved 1 heil prosjektstilling som dagleg leiar, ein heil prosjektkoordinatorstilling frå 01.05, ein heil stilling som profesjonell strandryddearbeider gjennom HMF, ½ stilling opp mot friluftsskulane, ekstra strandrydding, båtfører, 2 ryddekontakter strandrydding. Samla årsverk 3,5.

- **HMS**

Ikkje sjukefråvær eller skadar i 2020. Det er lagt vekk på mykje opplæring og innkjøp knytta til drift av arbeidsbåt, og HMS strandrydding. (Sjå nærare under avsnitt arbeidsbåt og opplæring)

- **Friluftsskular**

Vi fekk gjennomført totalt 2 kystfriluftsskular, herav 1 i Solund og 1 i Bremanger for born i alderen 9-13 år.

Totalt deltok 15 born på dette. Her mottok vi kr.76.000,- til friluftsskule i Solund og kr.85.000 til friluftsskule Flora og kr.84.000,- til Bremanger. Overskytande kr.121.000,- var satt inn på bunde fond til neste års friluftsskular etter avtale VFK.

- **Arbeidsbåt**

Vi har fått laga manuell løftebom, forsterka tauelpåle og har hatt Telenor sin radioinspeksjon på besøk med pålegg om installasjon av EPIRB friflyt nødpeilesender. Båten har hatt ein veldig utstrakt bruk der vi har fakturert strandryddeprosjektet med kr.108.700,-

- **Folkehelseiltak, Øyra Friluftsområde Askvoll**

Det vart bevilga kr.50.000,-gjennom tippemidlar til Mobi-mat for personar med nedsatt funksjonsevne til bruk på stranda i Øyra Friluftsområde.3 x10 meter av denne franske patenten er levert Askvoll kommune som administrerer bruk av den.

- **Kystplanken i Askvoll**

Kystplanken i Askvoll plassert på rutebåtkai, vart opna av ordføraren i Askvoll den 18.juni.

- **Skilting av sentrumsnære turveggar i Askvoll**

Det vart i 2019 søkt og innvilga kr.50.000 i tippemidlar til skilting av sentrumsnære stiar i Askvoll. Skiltmateriell bestilt av Aerkoplan, og avtale om oppsetting av og seinare vedlikehold av skilta vart gjort med Askvoll Vel. Prosjektet vart sluttført vårpart 2020.

- **Skjærgårdsteneste**

På alle styremøter sidan oppstarten august 2017 har etablering av Skjærgårdstjenesten i Fjordane Friluftsråd for gamle Sogn og Fjordane - vore oppe som sak.

Den 16.12.2020 tildelte Miljødirektoratet oss tilskot til investering av Skjærgårdstjenestebåt på kr.1.100.000,-. Den 29.12.2020 vart det halde ei markering i Måløy der Statsråd Sveinung Rotevatn på vegne av Klima og Miljøvernedep. tildelte oss Skjærgårdstenesta til Fjordane Friluftsråd, driftsområde 7, Sogn og Fjordane. Dette vart stadfesta i brev frå same den 20.01.21.

- **Tiltak i statlig sikra område Moldøyen, Kinn kommune**
Vi søkte og fekk kr.650.000,- i tiltaksmidler regjeringas krisepakke til det statlige sikra område på Moldøyen/Måløy i Kinn kommune. Midlane resulterte i ei god og sikker granitt trapp til monument, ein del lys, rekkverk og planeringsarbeid i området. Ferdigstilt januar 2021.
- **Opplæring/studieturar**
Det har i 2020 ikkje vore reiseaktivitet p.g.a Corona. Fleire arrangement avlyst. Dette løyst ved at det har vore halde Teams møter med FL, Hold Norge Rent, Handelens Miljøfond, Styret, Vestland Fylkeskommune, Vestkystparken, Miljødirektoratet m.fl.
- **Corona og handtering**
Covid-19 har påverka negativ påmelding til friluftsskulane, og gjort at vi måtte begrense aksjonsverksemd knytta trill strandrydding til folkehøgskular som var å rekne som ein cohort. Noko heimekontor, men stort sett møte på kontor. Nesten ingen reiseverksemd, dei fleste møter avhelde elektronisk på Teams etc.
- **Økonomi førebelse tal.**
Det har vore ein betydeleg auke i omsetning i inntekter frå kr.4.079.463,- i 2019 til kr. 8.512.883,- i 2020, herav kr.2.050.000 i tilskot til investering Skjergardstenesta. Det gjev eit overskot på kr.393.175,- som går inn på reguleringsfond. Saldo på reguleringsfond er på kr.744.370,-

Solund, den 25.03.2021

Bjarte Engevik
-dagleg leiar-